




Bremanger
kommune

Rettleiing: Korleis legge inn informasjon og arrangement i Foreningsportalen

Her kjem litt informasjon om korleis legge ut arrangement i kalenderen. I Foreningsportalen loggar ein inn med ein kode som ein får tilsendt. Det er altso ikkje ein typisk innlogging med brukarnamn og passord.

For å logge inn

Gå på foreningsportalen og søk opp din foreining. Inn på foreininga di sin side står det «Rediger med kode» nede til høgre. Du skriv inn koden du har fått på e-post. Om du manglar denne koden, kan du sende melding til bodil.edwardsen@bremanger.kommune.no og be om å få den tilsendt.



Koden har fem teikn, og kan bestå av både bokstavar og siffer

Etter du har skrive inn koden og trykt «rediger», kjem du til foreininga sin profilside. Her kan du endre informasjonen i kontaktinformasjonsboksen, skrive ein skildring av organisasjonen og informere om ting som ikkje treng å oppdaterast ofte.



Logo, vippsnummer, område, adresse, URL til nettstad, foreininga sin e-post og telefonnummer, lenkje til facebookside og meir

Litt meir om å redigere profilen

Eit punkt eg vil trekke fram er alternativa under «Fritidsaktiviteter». Det finner du lengst ned på sida.

Fritidsaktiviteter

Ingen er registret. Legg til med knappen nedenfor.

Legg til aktivitet ▾

Fysisk

Fellesskap

Kultur

Hobby

Biljard

Bowling

Brettspill

Båtliv

E-sport

Foto / video

Fuglekikking

Helse / velvære

Hest

Hjem og hage

Hjemmebrygging

Hund

Jakt og fiske

Kortspill

Lesing

Matlaging

Mekkeklubb

Naturbruk

PC-aktiviteter

RC-klubb

Rollespill

Samling

Sjakk

Supporterklubb

Her er det mange ulike og spesifikke alternativ. Det er nyttig å velje nokre som skildrar foreininga di godt. Foreininga di vil då samlast under ein aktivitetskategori i lag med andre organisasjonar som også har skildra seg med same ord, under fana øvst på sida som heiter «aktivitet». Pass på å lagre endingane i profilen før du trykker over til andre faner.



Båtliv

Organisasjoner

Bremanger Båtförening

☎ 90063597
📄
📍

Bremanger Båtlag

☎
📄
📍

Davik Båtförening

☎ 95271763
📄
📍

Rugsund og Leirgulen Båtförening

☎
📄
📍

Ryland Båtlag

☎
📄
📍

Svelgen Båtförening

☎
📄
📍

I denne aktivitetsfana kan du til dømes sjå at mange båtforeiningar og -lag har samla seg under merkelappen «båtliv».



Over til kalenderen

Knappen til der du redigerer kalenderen er lett å ta feil av, fordi det står «kalender» to ulike plassar!

Du ser etter den kalenderknappen som står ved sida av «Informasjon». Dette er rett under namnet på organisasjonen din. Den andre kalenderknappen som me ikkje brukar fører til kalenderoversiktsida som samlar alle foreiningar sine arrangement, og kan ikkje redigerast frå.



The screenshot shows a web interface with two tabs: 'Informasjon' (active) and 'Kalender'. Under 'Informasjon', there is a 'Navn' label and an empty text input field. To the right, under 'Kontaktinformasjon', there are labels for 'Telefon' and 'Mobil' above empty input fields.

Her i ruta du får opp i kalenderen er det to ting du kan gjere, begge markert i grønt: opprette hending eller endre eksisterande arrangement dersom organisasjonen har lagt det inn allereie.

Når du klikker på «opprett hendelse» kjem eit skjema opp. Her legg du inn informasjon om arrangementet. Det er tittel, dato og tidspunkt, stad og skildring. Du kan velje om arrangementet gjentakast eller er ein-gongs.

Du kan laste opp eit bilete oppe til høgre. Dette biletet er avlangt, omtrent 2:1 (breidde : høgde) storleikforskjell.

Når du legg inn bilete her, vil du kunne justere biletet slik at det passar inn i sida sitt avlange format. Derfor kan du legge inn store bilete, til dømes A4, og deretter velge ut ein liten del av det.



Om ein skal lage eit arrangementbilete sjølv anbefaler eg storleik 1080x540px med kvalitet 300ppt.

Etter du har lagra arrangementet vil det dukke opp i kalender som er felles for alle foreiningar i Bremanger. No vil ditt publikum lettare finne fram til arrangementet ditt!

For vidare spørsmål, kontakt Bodil Edvardsen på bodil.edvardsen@bremanger.kommune.no.

La oss jobbe på for å halde folk oppdatert på aktivitetstilboda våre!

–Thomas Thorsnes